

16-20 vekers ventetid i kommunen

13.09.2009

Kommunen har framleis problem med å få unna byggesakene. Dette blir gjort klart i eit brev til Byggpartner Kvinnherad i samband med byggeplanane til Terje og Samantha Bu. Her blir det opplyst at det for tida er stor saksmengd og pågang av nye saker og at ein difor må rekna med ei ventetid på inntil 16-20 veker før denne saka vert vurdert og handsama.

Saka vil likevel ikkje bli handsama før tomta er oppmålt og teknisk anlegg er ferdig.

Sakshandsamar Jon Harald Kjærland tilrår difor at tomta vert så stor at utnyttingsgrad blir innanfor godkjend reguleringsplan med føresegner.

Dispensasjon/mindre endring må avgjerast ved politisk vedtak og dette tar ekstra tid, påpeikar Kjærland.

Av Ola Matti Mathisen